



Jostein Gaassand
Vald 0010 Gåssand
Gåssandvegen 450
5212 Søfteland

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/56305	26/686	Linda Hovde Nordås - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no	Ref.:230821 2- Skjemanr.:8 00384	11.06.2026

Delegert sak

Styre, råd, utval	Sak nr
Plan-, bygg- og miljøutvalet	543/2026

Melding om vedtak – løyve til fråvik frå minsteareal - Vald 10 Gåssand hjortevald Bjørnafjorden kommune

Vedtak

Bjørnafjorden kommune innvilgar søknad om fråvik frå minsteareal for Gåssand hjortevald for årets jaktseong. Etter fråviket, vil Gåssand hjortevald få eitt løyve pr. 150 daa (fråvik på 50 %).

Endeleg tildeling av løyve, med omsyn på tal dyr, alderssamansetning på dyra, og kjønnsamansetning vert gjeve i eige brev medio juni d.å.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt og naturmangfaldlova.

Saksframstilling

Jostein Gaassand søker, på vegne av Gåssand hjortevald, om fråvik frå minsteareal for jaktseongen 2026. Valdet er medlem av Bergenshalvøya bestandsplanområde. Søknaden vert grunngjeve med store beiteskadar, spesielt på enkelte areal som ikkje har for til dyra ved førsteslåtten. Eigendomen er eit mjølkebruk i drift.

I Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 der det står:

«Kommunen kan ved tildeling av fellingsløyve, fråvike minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50%».

Vurdering

Det er eit mål for kommunen å ha ein robust hjortestamme i god kondisjon, der me kan hausta av verdiane dette gir. Hjortestammen skal haldast på eit nivå som ikkje fører til uforholdsmessige tap og ulemper for andre delar av samfunnet.

I den lokale Hjorteviltstrategien er eit av tiltaka for å oppnå nemnte mål å auke avskytinga. Dette ved å utnytte 50%-regelen der situasjonen tilseier det.

Kommunen kjenner godt til problemstillinga med høg bestand av hjort. Kommunen mottar jamleg meldingar om hjorteskarar (reduerte avlingar, skader på lagra rundballar, skader



på skog og trafikkulykker). Ein reduksjon i hjortestamma vil truleg føra til høgare slakteutbyte pr. dyr og reduksjon av ulike hjorteskarar som eksempelvis beiteskarar.

I Forskrift om hjortevilt § 7 heiter det at kommunen kan gje fråvik av kommunalt fastsett minsteareal. Dette kan gjerast etter vurdering av hjortestamma sin storleik og utvikling, samt etter vurdering av den skade viltet valdar. I dette tilfellet er kriteria for slikt fråvik til stades, med bakgrunn i den store hjortebestanden i kommune, og jamleg meldingar om hjorteskarar. Fråviket er i tråd med den gjeldande hjorteviltstrategi for kommunen. Eit fråvik frå minstearealet vil og vere i tråd med Bergenshalvøya bestandsplanområde sin bestandsplan.

Fellingsprosenten har over år vore svært høg, og dei siste åra har det vorte innvilga fråvik frå kravet til minstearealet.

År	Fellings-%
2022	100 %
2023	256 %
2024	211 %
2025	225 % (188 %)*

I 2025 fekk valdet tilført ni løyve frå andre vald innanfor bestandsplanområdet: to eldre hanndyr frå Nordre Samnanger hjortevald, eitt eldre hodyr og tre kalvar frå Kvitingen hjortevald, samt eitt eldre hanndyr og to eldre hodyr frå Samnangerfjorden hjortevald. Overføringane er i samsvar med bestandsplanen og skal bidra til ei meir målretta og balansert forvaltning av hjortestamma innanfor leveområdet.

*I tillegg til oppfylt eigen kvote og kvotefri jakt på hjortekalv, er tre dyr feilregistrerte og tekne med i fellingsprosenten for 2025. Korrekt fellingsprosent 188 % for 2025. Sjå neste avsnitt om føring av dyr som vert overførte mellom vald. Samla fører dette til ein svært høg fellingsprosent for valdet.

Vi gjer merksam på følgjande:

I «Sett og skutt» skal felte dyr registrerast på det jaktfeltet og valdet der dyret faktisk vart felt, i dette tilfellet Gåssand hjortevald. Ved innlevering av fellingsrapporten skal valdleiarer føre felt dyr på det valdet løyvet opphavleg vart tildelt til (i dette tilfellet: Nordre Samnanger hjortevald, Kvitingen hjortevald og Samnangerfjorden hjortevald).

Valdet har eit teljande areal på 1 274 dekar. Det er søkt om maksimalt fråvik frå minstearealet, noko som utgjer 8 dyr, og eit fråvik frå minsteareal på 50%.

For at ikkje avskytinga på bakgrunn av tildelte ekstraløyve skal verta skeiv med omsyn på alderssamansetning og kjønssamansetning, skal fordelingsnøkkel/avskytingsprofil frå Bergenshalvøya bestandsplanområde gjelde for alle dyra valdet får tildelt.

Søknad om fråvik frå minsteareal for kommande år

Vald kan søkje om fråvik frå minstearealkravet for eitt enkelt år eller for fleire år i samband med ein godkjend bestandsplan. Søknadsfristen er 1. mai det året ein ønskjer fråviket skal gjelde.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Sjølvs om ein bestandsplan kan ha ei varigheit på inntil fem år, bør fråvik frå minstearealkravet normalt ikkje gjelde for meir enn tre år om gongen. Dette for å sikre ei forsvarleg og fleksibel forvaltning av hjorteviltet over tid.

Kommunen skal vere restriktiv i tildeling av løyver om fråvik frå minstearealet, og ein kan ikkje forvente å få innvilga løyve om fråvik frå minstearealet om ein ikkje kan vise til eit generelt høgt uttak, skade viltet valdar eller andre ekstraordinære forhold.

Søknader skal sendast til kommunen der valdets hovuddel ligg, og må innehalde dokumentasjon på godkjend bestandsplan og grunngjeving for ønsket om fråvik.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan pålagast etter reglane i forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til Bjørnafjorden kommune, og vi vil sende saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland dersom vedtaket ikkje blir endra.

Du kan bruke denne lenka for å sende inn din klage

https://skjema.bjornafjorden.kommune.no/skjema/BFK0348/Klage_p_kommunalt_enkeltvedtak.

I klagen skal det gå fram kva vedtak det blir klaga på og kva endringar ein ønsker, og klagen bør ha ei nærmare grunngjeving og andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klagen.

Dersom du ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet du får grunngjevinga.

Med vennleg helsing

Simon Wolff
Landbrukssjef

Linda Hovde Nordås
Rådgjevar - Landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.